

## *Flekkmonsteret bygger harefelle*

Ein dag det vesle Flekkmonsteret vakna i mosehytta si på fjellet, hadde han så lyst på harekjøt. Han åt stort sett mose, men denne natta hadde han hatt ein draum der han sette tennene i eit mørkt og saftig harelår. No låg Flekkmonsteret i senga og var så kjøtsvolten at det knurra i magen.

av Hallgeir og Vetle Opedal



**EINE**



**BLÅBÆR**

# FLORA



**ROGN**

**ETASJEMOSE**



## Tonje Glimmerdal

Og så fortel ho korleis det ser ut i Glimmerdalen no. Det har kome farge på knoppene, og granene lagar godluk. Det gjer marka også. Tonje fortel korleis det luktar når ho ligg på magen og køyrer nasen ned i det vaknande graset.

av Maria Parr



# FURU



# GRAN

## Bjørkebokstavar

Høgt oppe i bjørka  
leitar eg fram lommekniven  
og rissar inn namnet mitt

Innanfor borken  
lyser det  
i kvitt tre

Sevje piplar ut  
frå bokstavane  
Store gylne dropar  
som sola speglar seg i  
Dei smakar søtt

av Hilde Myklebust



# BJØRK